



Slik er planforslaget førebels, men i sin endelege form blir plana truleg noko meir omfattande.

Forvaltningskomiteen har samrøystes lagt ut Beinavikjo-planen til offentlig ettersyn og i samband med det er planen forlenga nordover slik at tre eigedomar til er teke med (122/12,29 og 30) i planområdet. Utvidinga blir begrunna med at felles veg betjener heile området.

Samtidig bør ein vurderer å føye også 123/14,62 63 og 181 til planområdet. Dette er eigedomar som ligg mellom riksvegen og vegen ned til Beinavikjo.

Planområdet må utvidast til også å omfatta kommunevegen og avkøyrsla til riksvegen i sør, heiter det i saksutgreiinga frå administrasjonen.

Eit naust som ligg nord i planområdet får endra føremål – frå fritidsbustad (hyttenaust) til bustad/fritidsbustad. Parallelt til riksveg 48 og friluftsoimrådet som er regulert langs denne skal ein visa ein vegløyising som er adkomsten til områda nedanfor.

I samband med dette friluftsområdet stilte Jostein Grov (SV) spørsmål i forvaltningskomiteen.

- Dette området er regulert som ein tarm langs vegen og vil ikkje kunna brukast til noko anna enn ugras. Kvifor denne reguleringa, ville han veta.

- Kanskje det er meint som ein grøn tunnel, sa leiar Tove Lill Lakselv (Frp).

Verksemdsleiar Tormod Fossheim: - Nei, meininga er berre å visa at det ikkje skal byggast der.

Administrasjonen sleg ellers fast at trafikksituasjonen i området er eit stort problem og at planen fjerner ein del uheldige avkøyrslar til riksvegen. Regulering med ny adkomst til feltet er i dette tilfellet ei fornuftig løysing. Om heile frisktsona mot riksvegen må visast som trafikkområde i plana må vurderast pånytt og den eventuelle støyproblematikken frå riksvegen må vurderast i føresegner.

Før endeleg planforslag vert fremja for kommunen skal området vera klarert for utbyggjing i forhold til fortidsminnesmerke.

Administrasjonen og forvaltningskomiteen sleg fast at planen skal leggja vekt på ivareta og betra miljøtilhøva i Beinavikjo.

Av Ola Matti Mathisen